



# MASFJORDEN KONTROLLUTVAL

## MØTEPROTOKOLL

Møtedato:	25.04.2023, kl. 08.45 – 11.15
Stad:	Kommunestyresalen, Kommunehuset, Masfjordnes
Tilstade:	Rigmor Sjøvik (leiar), Ragnvald Tangedal (nestleiar), Jostein Kvamme Duesund (medlem), Birger Wergeland (vara),
Forfall:	Gro Serine Baarøy (medlem), Berit Lygre (medlem)
Andre:	Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ordfører Karstein Totland, oppvekstleiar Rita Ludvigsen (i sak 16/23)
Frå revisjonen:	Revisjonssjef Janne Eraker, forvaltningsrevisor Ragnhild Kartveit Høyland, Vestlandsrevisjon IKS
Sekretær:	Torbjørgr Grøttveit Gjerstad, Region Nordhordland IKS

## INNHALDSLISTE

10/23 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet 25.04.2023 .....	2
11/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 20.02.2023 .....	2
12/23 Meldingssaker .....	3
13/23 Årsrekneskap og årsmelding 2022 .....	4
14/23 Aktuelt i Masfjorden kommune .....	5
15/23 Oppfølging kring henvending til kontrollutvalet .....	5
16/23 Orientering om samarbeidet PPT Fensfjorden.....	6
17/23 Statusorientering forvaltningsrevisjon .....	6
18/23 Eventuell endring av møtedato i juni og september .....	7
19/23 Møteprotokollar frå politiske utval .....	7
20/23 Eventuelt .....	7



## 10/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE TIL MØTET 25.04.2023

---

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 25. april 2023 er godkjent.

---

### BEHANDLING I MØTET

Einstemmig

---

### SAMRØYSTES VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 25. april 2023 er godkjent.

## 11/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 20.02.2023

---

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Møteprotokoll frå møtet 20.02.2023 er godkjent slik den ligg føre.

---

### BEHANDLING I MØTET

Einstemmig

---

### SAMRØYSTES VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 20.02.2023 er godkjent slik den ligg føre.

**Masfjorden** kommune

Sekretariat for kontrollutvalet  
Region Nordhordland

## 12/23 MELDINGSSAKER



a. Ny rettleiar frå NKRF om kontrollutvalet sitt sjå til-ansvar

*Digitalt vedlegg:* [Ny NKRF-veileder for kontrollutvalgets påseansvar - NKRF](#)

---

#### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek meldingssaken til orientering

---

#### BEHANDLING I MØTET

Sekretariatet informerte kort om rettleiaren frå NKRF og generelt om at det foregår kontinuerleg utviklingsarbeid for kontrollutval og kontrollutvalssekretariat frå NKRF og FKT.

- Denne rettleiaren går gjennom «sjåtil-ansvaret» for kontrollutvalet utover det som er pålagt med revisjonsarbeidet og skal gje råd og veiledning.
  - Målet med rettleiaren er å bidra med kunnskap og refleksjon i kontrollutvala slik at dei finn sin måte og oppfylle krava og intensjonane i lov og forskrift.
- 

#### SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek meldingssaken til orientering

---

### 13/23 ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2022

---

#### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Kontrollutvalet vedtek vedlagte forslag til uttale om kommunen sitt årsrekneskap og kommunen si årsmelding for 2022.
  2. Kontrollutvalet sin uttale vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.
- 

#### BEHANDLING I MØTET

Revisjonssjef Janne Eraker orienterte om revisjonen, og gjekk gjennom innhaldet i revisjonsmeldinga og rapporten om revisjonen. Ho merka at det er positivt at det er gitt ei rein revisjonsmelding. Godt avlagt rekneskap og godt dokumentert.

I Masfjorden har det vore positiv utvikling gjennom fleire år. Vidareutvikling og forbetring på fleire områder. Det overordna inntrykket er at rekneskapen er bra og dokumentasjonen er på plass. Dokumentasjonen har vore litt mangelfull tidlegare, men har blitt betre gjennom dei siste åra. Sjølve rekneskapsdokumentet er eit godt og fullstending dokument i følgje lov og forskrift, det same gjeld årsmeldinga.



Rådmann Svein Helge Hofslundsengen kommenterte revisjonen, og gav ei overordna orientering om rekneskapen 2022. Stor forbedring frå budsjett til rekneskap. Mykje pga. av trekk i rammetilskot til konsesjonskraft, som ikkje vart så mykje som indikert av kommunal- og distriktsdepartementet i slutten av 2021.

Kontrollutvalsmedlemmene stilte spørsmål om rekneskapen og årsmeldinga til rådmannen og fekk svar.

Kontrollutvalet diskuterte framlegget til uttale til årsrekneskapen og årsmeldinga, og stilte seg bak dette.

Årstalet som viser til datoar for avlegging av årsrekenskap og årsmelding, samt revisjonsmelding i uttalen er feil. Det står 2022, medan det rette naturlegvis er 2023. Dette vert retta i dokumentet som vert sendt over til kommunestyret. Utover denne årstalfeilen vart kontrollutvalssekretariatet sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

---

#### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Kontrollutvalet vedtek vedlagte forslag til uttale om kommunen sitt årsrekenskap og kommunen si årsmelding for 2022.
2. Kontrollutvalet sin uttale vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.



---

## 14/23 AKTUELT I MASFJORDEN KOMMUNE

---

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

---

### BEHANDLING I MØTET

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte kort om:

- Skal i dialog med fylke vedrørende kompensasjon for moms på fylkesvegen

Ordfører Karstein Totland orienterte kort om:

- Ventar på revidert budsjett for rammetilskot, kjem i mai.
  - Vegarbeid om er under arbeid
  - Trafikksikring kring Matre skule
  - Risnesbrua vert stengd, arbeider med reguleringsarbeid
- 

### SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

---

## 15/23 OPPFØLGING KRING HENVENDING TIL KONTROLLUTVALET

---

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

---

### BEHANDLING I MØTET

Rådmann, Svein Helge Hofslundsengen, orienterte om kvifor slik informasjon er unnateke offentlegheita og kva Offl. § 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 1., seier om dette.

Det er på grunn av personvern hensyn og kva ein finn i avløpsanlegga. Difor er slike dokument unnateke offentlegheita.

Kontrollutvalet stilte spørsmål til rådmannen og fekk svar.



---

#### SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

#### 16/23 ORIENTERING OM SAMARBEIDET PPT FENSFJORDEN

---

#### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

---

#### BEHANDLING I MØTET

Oppvekstleiar, Rita Ludvigsen, orienterte om PPT-samarbeidet mellom Masfjorden, Fedje, Gulen og Austrheim og korleis dette er organisert.

Oppsummert fungerer samarbeidet godt og det er oppretta fagråd og ressursteam i tilknytning til samarbeidet. PPT er ikkje lenger ein perifer instans, men ein samarbeidspart

Fagrådet består av leiarane av tenesten i dei ulike kommunane. Fagrådet styrer overordna og ressursteamet er ute på einingane.

Presentasjonen ligg ved protokollen

---

#### SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

### 17/23 STATUSORIENTERING FORVALTNINGSREVISJON

---

#### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

---

#### BEHANDLING I MØTET

Ragnhild Kartveit Høyland orienterte om prosessen i forvaltningsrevisjonen og kvifor framlegging av denne vert utsett til fyrste møte etter sommaren.



---

Pr. no er det fleire prosjekt med same tematikk i ulike kommunar, og det vil vera hensiktsmessig å samkøyra prosessane og sjå elementa i samanheng. Det er også ynskeleg med meir tid til å få dei sluttprosessane som er ynskjeleg.

---

#### SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

---

#### 18/23 EVENTUELL ENDRING AV MØTEDATO I JUNI OG SEPTEMBER

---

#### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Ingen forslag til vedtak

---

#### BEHANDLING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta behov for møte i juni og kom fram til at det møtet går ut. Ny møtedato for september er satt til 05.09.23.

---

#### SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet vedtok at det ikkje er behov for møte i juni og flytta møtedato for møte i september til tysdag 05.09.23

---

### 19/23 MØTEPROTOKOLLAR FRÅ POLITISKE UTVAL

---

#### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

---

#### BEHANDLING I MØTET

Ingen relevante saker og melde om

---



## SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

## 20/23 EVENTUELT

*Ingen saksopplysningar eller framlegg til vedtak i denne saka*

---

### BEHANDLING I MØTET

Spørsmål om link til godtgjering for kommunale møter. Sekretariatet sender ut linken til alle medlemmer og vara.

*Neste møte i kontrollutvalet er tysdag **05.09.2023 kl. 08.45***

Masfjorden, 25.04.2023





# System for oppfølging av samarbeidet med Fensfjorden PPT

# Fagråd PPT

- Fagrådet i PPT består av dei skule og barnehagefagleg ansvarlege i kvar kommune i tillegg til PPT leiar
- Oppstart i 2021
- 2 møter i-21 , 7 møter i 22 og til no 2 møter i 23.
- Har eige Team der all dialog og referat frå møta ligg

## **Ressursteam/Tverrfagleg team**

- Oppretta i kvar barnehage og skule
- Samansett av rektor, spes.pedkoordinator, helsestasjon, evt. Barnevern og PPT i tillegg til dei som tek opp saker
- Det kan vera bekymringsaker, oppfølgingsaker eller systemsaker
- Eiga prosedyre i Netpower

# Satsingar

- Samarbeid kring kommunane sitt planarbeid
- Samarbeid kring utarbeiding av prosedyrar
- Gjennomført samling for alle rektorar og styrarar i Fensfjorden om kompetanseløftet
- Felles satsing rundt leseopplæringa
- Oppretting av lesekoordinatorar på skulane
- Literatesertifisering for minimum ein på kvar skule mm

# Forts.

- Felles satsing BTI som Austrheim har fått prosjektmidlar til
- Førebyggjande program som DUÅ, Mot...
- Leseopplæringa/leseplan
- Tidleg innsats og førebygging er innbaka i all satsing
- PPT er ikkje lenger ein perifer instans, men ein samarbeidspart

# Samarbeidet

- Samarbeidet ernært og godt
- Kontoret og satsingane er bygd opp i fellesskap i kommunane
- Ein jobbar mykje førebyggjande
- Ressursteama/Tverrfagleg team vert gjennomført i høve til plan om lag ein gong pr. mnd.
- PPT deltek på leiarmøter når dei vert spurd om det



# Rutiner i internkontrollsystemet

- [eHåndbok - Logopedtenesta Fenfjorden PTT \(masfjorden.kommune.no\)](http://masfjorden.kommune.no)
- [eHåndbok - Ressursteam i skulane \(masfjorden.kommune.no\)](http://masfjorden.kommune.no)
- [eHåndbok - Ressursteam i barnehagane \(masfjorden.kommune.no\)](http://masfjorden.kommune.no)



# Frå heimesida

Masfjorden kommune - Fensfjorden PPT (Pedagogisk psykologisk - teneste)





# Overskrift

Her kan tekst setjast inn.

**Masfjorden kommune, Austfjordvegen 2724, 5981 Masfjordnes.**

**E-post : [post@masfjorden.kommune.no](mailto:post@masfjorden.kommune.no)**

Masfjorden kommune, Austfjordvegen 2724, 5981 Masfjordnes.

E-post : [post@masfjorden.kommune.no](mailto:post@masfjorden.kommune.no)